

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen Gulen, Hyllestad, Hornindal, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i Kontrollutval – Eid kommune

Utval: Kontrollutval - Eid kommune
Møtedato: 10.09.2013
Møtetid: 10.00
Stad: Møterom 1. etg
Møtenr.: 4/2013

Innkalling: Faste medlemmer i utvalet. Rådmannen sakene 36/13.

Melding til: Ordførar(møterett), Kommunerevisjonen i Nordfjord (møterett) og varamedlemmer (vert evt. innkalla etter nærmare beskjed).

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 951 39 762, eller på e-postadresse: vidar.ovrebo@sekom.no.

SAKLISTE

- 33/13 Godkjenning av innkalling og sakliste.
- 34/13 Skriv og meldingar.
- 35/13 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Eid
- 36/13 Masseuttak Eid kommune.
- 37/13 Orientering – Protokollar utval/styre i Eid.
- 38/13 Budsjett for drift av kontrollutvalet i Eid kommune.
- 39/13 Oppfølgingsliste 4-2013 Eid
- 40/13 Eventuelt

Eid 03.09.2013

Roy Andre Høyenes Bruvoll (s)
- Leiar -


Vidar Øvrebø
SEKOM-sekretariat

| Postadresse | Kontoradresse | E-post | Telefon | Telefaks | Org nr. | Bankgiro |
|----------------------------|-----------------|---------------|--|-------------|-------------|---------------|
| Postboks 338 6802 FØRDE | Hafstadvegen 21 | post@sekom.no | 57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø | 57 72 20 10 | 987 631 554 | 3705.08.32571 |

033/13 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 26.08.2013

| Utval | Dato | Utv.- Saksnr. | Status | Vedtaks- organ |
|-----------------|-------------|--------------------------|---------------|---------------------------|
| Kontrollutvalet | 10.08.2013 | 033/13 | - | Ja |
| Formannskap | - | - | - | Nei |
| Kommunestyret | - | - | - | Nei |

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

034/13 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø, SEKOM-sekretariat

Dato: 26.08.2013.

| Utval | Dato | Utv.- Saknr. | Status | Vedtaks- organ |
|-----------------|------------|-----------------|--------|-------------------|
| Kontrollutvalet | 10.09.2013 | 034/13 | - | Ja |
| Formannskap | - | - | - | Nei |
| Kommunestyret | - | - | - | Nei |

Saksvedlegg

- SM 09-13: Vedtak kst sak 063/13 Prosjekt 4711 Golvsegane bustadfelt – Sluttrekneskap.
SM 10-13: Vedtak kst sak 064/13 Prosjekt 4481 Hovudplan bygg 2012 - Sluttrekneskap
SM 11-13: Vedtak kst sak 065/13 Prosjekt 4506 Avslutning av grovavfallsplass på haugen – Sluttrekneskap.
SM 12-13: Vedtak kst sak 066/13 Prosjekt 4325 Maskin/bilkjøp teknisk – Sluttrekneskap.
SM 13-13: Vedtak kst sak 067/13 Prosjekt 4351 Maskiner driftsavdeling 2012 – Sluttrekneskap.
SM 14-13: Rundskriv frå kommunal og regionaldepartementet – «Rundskriv om iverksetting av endringer i kommueloven m.m. – egenkontroll mv.», datert 21.06.2013.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert teke til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

SM 09-13



EID KOMMUNE

Møtebok

| SAKSGANG | | | |
|---------------------------|------------|--------|-----------|
| Styre, utval, komite m.m. | Møtedato | Saksnr | Saksansv. |
| Formannskapet | 13.06.2013 | 104/13 | TMY |
| Kommunestyret | 20.06.2013 | 063/13 | TMY |

| | | |
|--|-------------------------------------|-----------------------------|
| Avgjerd av: Saksbehandler: Elin Leikanger | Arkiv: 611 Objekt: | Arkivsaknr 09/509 |
|--|-------------------------------------|-----------------------------|

Prosjekt 4711 Golvsengane bustadfelt - sluttregneskap

Prenta vedlegg:

1. Prosjektregneskap og sluttrapport
2. Møtebok frå kontrollutvalet 10.06.13 (vert ettersendt)
3. KS-49/09

Kva saka gjeld:

Saka gjeld sluttregneskap og utrekning av endeleg tomtepris på Golvsengane bustadfelt.

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret handsama i sak 49/09 saka «Golvsengane bustadfelt – tildeling av tomter» Denne saka gjaldt fastsetjing av tomtepris, og prinsipp for utrekning av anleggstilskotet for bustadfeltet på Golvsengane.

Saksutgreiing:

KS-49/09 fastsette grunnprisen for kommunalt tomteareal på Golvsengane til kr 316,20 pr m². Vidare fastsette saka prinsipp for fordeling av anleggskostnader. Basert på eit samla budsjett på kr 24.050.000,- vart tomtene på Golvsengane lyst ut for sal med ein samla pris på kr 700 pr m². Det går fram av salsavtalane at endeleg tomtepris ville verte regulert med +/- 10%.

Av ulike årsaker har det teke svært lang tid å få ferdigstilt bustadfeltet. Her er viktigaste årsaka bygging av Golvsengane barnehage. Det står framleis att ein del ugjort arbeid:

- Asfalt topplag på vegane
- Støypekant med rekkverk
- Nedsetjing av kummar på ikkje selde tomter
- Noko grøftarbeid

Verdien av dette arbeidet er budsjettert til kr 900.000. Endeleg utbyggingskostnad vert då kr 23.021.822, eller 95,7% av budsjett. Basert på ei slik utrekning vert endeleg tomtepris på Golvsengane redusert frå kr 700 pr m2 til kr 670 pr m2.

Vurdering:

Av omsyn til tomtekjøparane vil det vere ønskeleg å avslutte rekneskapen for Golvsengane bustadfelt no. Administrasjon gjer framlegg om at kr 900.000 vert avsett til attståande arbeid.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

- Sluttrekneskap for Golvsengane bustadfelt vert godkjend
- Tomtepris på Golvsengane vert fastsett slik:
 - o Grunnpris kr 316,20
 - o Anleggstilskot kr 353,80
- Det vert avsett kr 900.000,- til ferdigstilling av bustadfeltet
- Rest ubrukte lånemidlar kr 2.759.506,86 vert avsett til fond «Unytta lånemidlar»

13.06.2013 FORMANNSKAPET

F-104/13 VEDTAK:

Som tilrådinga, samrøystes.

20.06.2013 KOMMUNESTYRET

KS-063/13 VEDTAK(SAMRØYSTES):

1. Sluttrekneskap for Golvsengane bustadfelt vert godkjend
2. Tomtepris på Golvsengane vert fastsett slik:
 - a. Grunnpris kr 316,20
 - b. Anleggstilskot kr 353,80
3. Det vert avsett kr 900.000,- til ferdigstilling av bustadfeltet
4. Rest ubrukte lånemidlar kr 2.759.506,86 vert avsett til fond «Unytta lånemidlar»

Ørjan Raknes Forthun

SM 10-13



EID KOMMUNE

Møtebok

| SAKSGANG | | | |
|---------------------------|------------|--------|-----------|
| Styre, utval, komite m.m. | Møtedato | Saksnr | Saksansv. |
| Formannskapet | 13.06.2013 | 106/13 | ELE |
| Kommunestyret | 20.06.2013 | 064/13 | ELE |

| | | |
|--|-----------------------------------|------------------------------|
| Avgjerd av: Saksbehandler: Elin Leikanger | Arkiv: 2 Objekt: | Arkivsaknr 13/1069 |
|--|-----------------------------------|------------------------------|

Prosjekt 4481 Hovudplan bygg 2012 - sluttrekneskap

Prenta vedlegg:

1. Prosjektrekneskap og sluttrapport
2. Kontrollutvalet si møtebok 10.06.13 (vert ettersendt)

Kva saka gjeld:

Saka gjeld godkjenning av sluttrapport.

Bakgrunn for saka:

I budsjettsaka KS 145/11 vart det løyvd kr 1.500.000,- til oppgradering av kommunale bygg. Av dette vart kr 92.500 nytta til å dekke meirforbruk i 2011. Disponering av resterande midlar vart gjort på grunnlag av vedlikehaldsplan kommunale bygg KS-60/11.

Vurdering:

Det vert vist til vedlagd prosjektrapport.

Det er ei årleg utfordring at driftsbudsjett til vedlikehald ikkje er tilstrekkeleg. Rapporten syner at vi nyttar lånemidlar til naudsynt vedlikehald, som td måling.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Sluttrekneskap for prosjekt 4481 Hovudplan bygg 2012 vert godkjent slik det ligg føre.

13.06.2013 FORMANNSKAPET

F-106/13 VEDTAK:

Som tilrådinga, samrøystes.

20.06.2013 KOMMUNESTYRET

KS-064/13 VEDTAK(SAMRØYSTES):

Sluttrekneskap for prosjekt 4481 Hovudplan bygg 2012 vert godkjent slik det ligg føre.

Ørjan Raknes Forthun
-rådmann-



EID KOMMUNE

Møtebok

| SAKSGANG | | | |
|---------------------------|------------|--------|-----------|
| Styre, utval, komite m.m. | Møtedato | Saksnr | Saksansv. |
| Formannskapet | 13.06.2013 | 105/13 | TMY |
| Kommunestyret | 20.06.2013 | 065/13 | TMY |

| | | |
|--------------------------------------|-------------------|-------------------|
| Avgjerd av: | Arkiv: M65 | Arkivsaknr |
| Saksbehandler: Elin Leikanger | Objekt: | 06/337 |

Prosjekt 4506 Avslutting av grovavfalls plass på Haugen - sluttrekneskap

Prenta vedlegg:

1. Prosjektrekneskap og sluttrapport
2. Møtebok frå kontrollutvalet 10.06.13 (vert ettersendt)

Kva saka gjeld:

Saka gjeld godkjenning av sluttrekneskap.

Salksutgreiing:

Eid kommune inngjekk i 1987 avtale med grunneigar på Haugen om leige av eit 9 daa stort areal til grovavfalls plass. Avtalen inneheld vilkår for drift og avslutting av plassen, og leigetilhøvet gjaldt fram til 01.10.1996. Eid kommune fekk løyve frå Fylkesmannen til drift av plassen på ein del gitte vilkår, og løyvet gjaldt i tida 01.11.1988 – 31.12.1991.

Avtale om m.o.t. til avslutting av området vart ikkje følgt opp av Eid kommune før i 2006. Det vart då etablert ein god dialog med grunneigaren og Fylkesmannen, og det vart utarbeidd ein plan for avsluttinga av arealet. Gjennomføring av dette arbeidet vart finansiert i budsjettvedtaket hausten 2009. Tiltaket er no gjennomført, og endeleg kostnad utgjer kr 869.636.

Vurdering:

Det vert vist til sluttrapporten.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Sluttrekneskap for prosjekt Grovavfalls plass Haugen vert godkjend. Ubrukte lånemidler kr 130.364 vert overført til konto 29100005 Udisponerte lånemidler.

13.06.2013 FORMANNSKAPET

F-105/13 VEDTAK:

Som tilrådinga, samrøystes.

20.06.2013 KOMMUNESTYRET

KS-065/13 VEDTAK(SAMRØYTES):

Sluttrekneskap for prosjekt Grovavfalls plass Haugen vert godkjend. Ubrukte lånemidler kr 130.364 vert overført til konto 29100005 Udisponerte lånemidler.

Ørjan Raknes Forthun
-rådmann-

SM 12-13



EID KOMMUNE

Møtebok

| SAKSGANG | | | |
|---------------------------|------------|--------|-----------|
| Styre, utval, komite m.m. | Møtedato | Saksnr | Saksansv. |
| Formannskapet | 13.06.2013 | 108/13 | ELE |
| Kommunestyret | 20.06.2013 | 066/13 | ELE |

| | | |
|--|-----------------------------------|------------------------------|
| Avgjerd av: Kommunestyret Saksbehandler: Elin Leikanger | Arkiv: 2 Objekt: | Arkivsaknr 13/1069 |
|--|-----------------------------------|------------------------------|

Prosjekt 4325 - Maskin-/bilkjøp teknisk - sluttregneskap

Prenta vedlegg:

1. Prosjektregneskap og sluttrapport
2. Kontrollutvalet si møtebok 10.06.13 (vert ettersendt)

Kva saka gjeld:

Saka gjeld godkjenning av sluttrapport.

Bakgrunn for saka:

I budsjettsaka KS 114/10 vart det løyvd kr 1.000.000,- til oppgradering av maskinparken på driftsavdelinga. Innkjøp vart gjennomført i 2011, men sluttrapport er ikkje lagt fram.

Vurdering:

Det vert vist til vedlagd prosjektrapport.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Sluttregneskap for prosjekt 4325 Maskin -/bilkjøp teknisk vert godkjent slik det ligg føre

13.06.2013 FORMANNSKAPET

F-108/13 VEDTAK:

Som tilrådinga, samrøytes.

20.06.2013 KOMMUNESTYRET

KS-066/13 VEDTAK(SAMRØYSTES):

Sluttrekneskap for prosjekt 4325 Maskin -/bilkjøp teknisk vert godkjent slik det ligg føre

Ørjan Raknes Forthun
-rådmann-



EID KOMMUNE

Møtebok

| SAKSGANG | | | |
|---------------------------|------------|--------|-----------|
| Styre, utval, komite m.m. | Møtedato | Saksnr | Saksansv. |
| Formannskapet | 13.06.2013 | 107/13 | ELE |
| Kommunestyret | 20.06.2013 | 067/13 | ELE |

| | | |
|--------------------------------------|-----------------|-------------------|
| Avgjerd av: Kommunestyret | Arkiv: 2 | Arkivsaknr |
| Saksbehandler: Elin Leikanger | Objekt: | 13/1069 |

Prosjekt 4351 Maskiner driftsavgd 2012 - sluttregneskap

Prenta vedlegg:

1. Prosjektregneskap og sluttrapport
2. Kontrollutvalet si møtebok 10.06.13 (vert ettersendt)

Kva saka gjeld:

Saka gjeld godkjenning av sluttrapport.

Bakgrunn for saka:

I budsjettsaka KS 145/11 vart det løyvd kr 2.500.000,- til innkjøp av ny gravemaskin. Det er i tillegg kjøpt inn ny traktorhengar og V-plog. Overforbruk kr 78.442 vert belasta investeringsbudsjett for 2013.

Vurdering:

Det vert vist til vedlagd prosjektrapport.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Sluttregneskap for prosjekt 4351 Maskinaskiner driftsavgd. 2012 vert godkjent slik det ligg føre.

13.06.2013 FORMANNSKAPET

F-107/13 VEDTAK:

Som tilrådinga, samrøystes.

20.06.2013 KOMMUNESTYRET

KS-067/13 VEDTAK(SAMRØYSTES):

Sluttrekneskap for prosjekt 4351 Maskinaskiner driftsavg. 2012 vert godkjent slik det ligg føre.

Ørjan Raknes Forthun
-rådmann-

Saksutgreiing

BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN 2014

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Eid kommune.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar §18, har kontrollutvalet ansvar for at det vert utarbeidd budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Eit forslag til budsjettår skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Kontroll- og tilsynsorganet inneheld tre element, (heretter kalla prosjekt i samsvar med nemningane i kontoplanen); revisjon, sekretariat og drift av kontrollutvalet. Det er naturleg at budsjettet vert fordelt på desse tre prosjekta.

I posten ”Drift av kontrollutvalet”, høyrer følgjande kostnader naturleg inn:

Kostgodtgjersle
Køyregodtgjersle.
Tapt arbeidsforteneste
Møtegodtgjersle
Arbeidsgjevaravgift
Kurs/seminar
Kontingentar
Telefongodtgjersle
Andre utgifter

Jfr. reglement for godtgjersle til forlkevalde i Eid kommune gjeldande frå 01.01.2013

- Kost- og køyregodtgjersle etter statens regulativ
- Tapt arbeidsforteneste : Ulegitimert kr. 180,- pr. time, maksimum 1.800,- pr dag inkludert feriepengar. Med legitimasjon (trekk løn) inntil 1.800,- pr døgn inludert feriepengar.
- Møtegodtgjersle medlemmer kr 650,- pr møte .
- Godtgjering til leiar i kontrollutvalet – 4% av ordførargodtgjering kr 26.000,-.

Eid kommune er med i interkommunale samarbeid når det gjeld revisjon og sekretariattjenester gjennom høvesvis Kommunerevisjonen i Nordfjord og SEKOM-sekretariat. Begge desse selskapa er organiserte etter §27 i kommunelova, og begge selskapa har teke inn i vedtektene sine at det er styret i selskapet som vedtek budsjettet, og at budsjettet skal sendast til kommunane innan 1. november året før budsjettåret.

Sekretariatet sine vurderingar:

Budsjettforslaget blir lagt fram som følgje av krav om dette i lova.

Budsjetta for Kommunerevisjonen i Nordfjord og SEKOM-sekretariat vert vedtekne i dei respektive styra. Kontrollutvalet skal derfor ikkje leggje fram budsjett for desse.

Kontrollutvalet bør ha høve til å ta ut perioderapportar i løpet av året. Derfor bør budsjettpostane vert lagt inn i budsjettet til Eid kommune slik at dette er mogeleg.

BUDSJETT KONTROLLUTVALET I EID 2013

| Konto | | Utrekna |
|-------------------------------|-------------------------|--------------------|
| 11600 Køyregodtgjersle | 2000 (6*4,05 kr*80 km) | 1944 |
| 10800 Tappt arbeidsforteneste | 5000 (4t*6*180kr*1,12) | 4838,4 feriepengar |
| 10800 Møtegodtgjersle (leiar) | 26000 | |
| 10800 Møtegodtgjersle | 16000 (6*4*650 kr) | 15600 |
| 10990 Arbeidsgjevaravgift | 5000 10,6% av møtegodtg | 4982 |
| 11500 Kurs/seminar | 10000 | |
| 11959 Kontingent FKT | 3500 | |
| | 0 | |
| Drift | 67500 | |



GODTGJERSLE TIL FOLKEVALDE

Reglement for godtgjersle til folkevalde i Eid kommune, fastsett av kommunestyret den..... Satsane som er sett inn gjeld for 2012, og har som grunnlag den årlege godtgjersla til stortingsrepresentantane (kr. 750.900., for 2012)

I: Omfang og former for godtgjersle

§1-1 Heimel

Reglementet er vedteke i medhald av kommunelova § 41 og 42

§1-2 Omfang

Reglementet gjeld for folkevalde ombod i kommunale organ oppretta i medhald av kommunelova eller særlov.

Reglementet gjeld i tillegg til kommunale møte også for representasjon i styre og råd og på møte og konferansar, dersom møteorganisasjonen sjølv ikkje betaler godtgjersle.

§1-3 Former for godtgjersle

Reglementet omfattar følgjande former for godtgjersle:

1. Godtgjersle ordførar
2. Møtegodtgjersle, fast og variabel
3. Tapt arbeidsforteneste og anna utgiftsdekning

II: Møtegodtgjersle

§ 2-1 Grunnlag:

Møtegodtgjersle til folkevalde i Eid kommune er knytt til godtgjersla til ordføraren, som igjen er knytt til den faste godtgjersla til representantane på Stortinget. Godtgjersla skal regulerast fortløpande etter endringane i representantgodtgjersla på Stortinget. Reguleringa skjer i etertid, og blir gjort frå 1. januar kvart år.

§2-2 Årleg godtgjersle



| | | Utreknast slik | Grunnlag | Per måna |
|----------|---|---|---|-------------|
| A | Ordførar | Årleg godtgjersle tilsvarande 85% av stortingsrepresen-tantane si godtgjersle | Kr. 650.000,- For 2012 utgjør ordføraren si godtgjersle 86,56%(Frå 2013, 85%) av stortingsrepresentantane si årsløn. | Kr 54.166. |
| B | Varaordførar: (inkl.og avløyising i ordføraren sitt feriefråvær) | 12 % av ordføraren si årlege godtgjersle | Kr. 78.000/12 | 6.500,-pr. |
| C | Medlemar formannskap og leiarar av utval for samfunnsutvikling, driftsutval og kontrollutvalet. (Vert ikkje utbetalt møtegodtgjersle til desse folkevalde.) | 4 % av ordføraren si årlege godtgjersle | Kr. 26.000,-/12 | 2.166.67 p |
| D | Variabel møtegodtgjersle: Med unntak av ordførar og folkevalde i kategori A og B | 1 promille av ordføraren si årlege godtgjersle | $\frac{650.000 \times 1}{1000}$ | 650,- pr. n |
| E | Leiar i utval utan fast godtgjersle (eldreråd, råd for funksjonshemma) | 1,5 promille av ordføraren si årlege godtgjersle | $\frac{650.000 \times 1,5}{1000}$ | 975,- pr- n |
| F | Medlemer/varamedlemer som møter kun i einskildssaker/deler av møtet i samband med t.d. inhabilitet. | ½ møtegodtgjersle | $\frac{650}{2}$ | 325,- |

NB(Satsane som viste her gjeld for 2011)

Det vert ikkje utbetalt variabel møtegodtgjersle til dei folkevalde som mottek fast årleg godtgjersle. Ordføraren får ikkje variabel møtegodtgjersle og formannskapsmedlemane og utvalsleiarane får ikkje møtegodtgjersle for møte i kommunestyret.

Dersom det skulle vise seg at ein folkevald får stort forfall til møte, vil det bli foreteke trekk i godtgjersla med inntil 2/3.

§2-3 Ettergodtgjersle

Ordførar vert gitt slik ettergodtgjersle når valperioden er over:

- Inntil 1 månadar dersom vedkommande har ein jobb å komme tilbake til etter enda teneste. Godtgjersla vert gitt frå enda teneste til oppstart i opphavleg jobb.
- Inntil 3 månadar dersom vedkommande ikkje har ein jobb å gå tilbake til. Godtgjersla vert gitt frå enda teneste til oppstart i ny jobb.



Ettergodtgjersla skal vere lik den faste godtgjersla vedkommande hadde, evt. differansen mellom denne og ny godtgjersle.



III: Utgiftsdekning

§ 3-1 Tapt arbeidsforteneste

Folkevalde som har tapt arbeidsforteneste for å delta på kommunale møte og andre møte med rett til godtgjersle får dekka tapet etter desse reglane:

- a. Ulegitimert tap; kr. 180,- pr. time, maksimum kr. 1.800,- pr. dag, inkludert feriepengar. Dei som kan sannsynleggjere at tapet er vesentleg større enn kr. 180,- pr. time, får dekka tapt arbeidsforteneste etter pkt. b. Dersom inntektstapet er større enn satsen for ulegitimert tap, kan inntektstapet dokumenterast med likningsattest for det siste året. Som alternativ kan ein ta utgangspunkt i dei tre siste åra
- b. Med legitimasjon (trekk i lønn), inntil kr. 1.800,- pr. døgn inkludert feriepengar.

Satsane blir regulert kvar tår tilsvarande auken i avlønninga for assistent i toppløn i det kommunale regulativet. Reguleringa skjer i ettetid og blir gjort frå 1. januar kvart år.

§ 3-2 Skyss- og kostgodtgjersle

Folkevalde har rett på skyss- og kostgodtgjersle etter kommunen sitt reiseregulativ. Krav om dette må leverast inn på eige skjema

§ 3-3 Pass av barn

Kommunen dekkjer utgifter til pass av barn i samband med kommunale møte etter satsane i § 3-1, punkt a.

IV Særskilde regler

§4-1 Utbetaling

Møtegodtgjersle blir som hovudregel utbetalt automatisk. Tapt arbeidsforteneste, utgiftsdekning og møtegodtgjersle for deltaking i konferansar og anna der kommunen ikkje fører møtebok, blir betalt etter rekning.

§ 4-2 Tolking av reglementet.

Ordføraren tolkar reglementet og tar stilling til tvilstilfelle, som ikkje er prinsipielle.

§4-3 Iverksetjing m.m.

Reglementet vert gjort gjeldande frå 01.01.2013. Det gamle reglementet gjeld for inneverande år t.o.m 31.12.2012.

039/13 OPPFØLGINGSLISTE 4-2013 - EID

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 02.09.2013

| Utval | Dato | Utv.- Saksnr. | Status | Vedtaks- organ |
|--|-------------|--------------------------|---------------|---------------------------|
| Kontrollutval Formannskap Kommunestyre | 10.09.2013 | 039/13 - - | - - - | Ja |

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 4-2013 Eid.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Oppfølgingsliste 4-2013 – Eid vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 4-2013 - EID

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følge opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følger ajourført oppfølgingsliste pr. 04. juli 2013.

Lista vil bli oppdatert utan opphald og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 4e-2013 - Eid.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Eid kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

| Saker som er tekne opp | Dato | Merknad | Status |
|--|----------|---------|---|
| 15/10 Kontrollutvalsarbeid – tiltak. | 23.11.10 | | 23.11.10: Vedtak KU 26.11.10 s. brev til adm om tiltak Informasjon frå einingane. Tertialrapportar Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. Informasjon frå revisor Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor. Orientering investeringsprosjekt kvart år i aug/sep. |
| 25/11 Oppfølging kommunestyrevedtak forvaltningsrevisjonsrapport – Innkjøpsfunksjonen i Eid kommune. | 09.06.11 | | Tilråding frå KU til kst: - Kommunestyret visert til brev frå rådmannen til kontrollutvalet om Oppfølging kommunestyrevedtak – Rapport ”Innkjøpsfunksjonen i Eid kommune”, datert 30.05.2011. - Kommunestyret registrerer at det er sett i verk tiltak for å sikre at tilsette har kunnskap og tilstrekkeleg informasjon om kommunen sine innkjøpsavtalar. - Kommunestyret registrerer at administrasjonen har teke initiativ til å få på plass eit innkjøpsamarbeid med dei andre Nordfjordkommunane, og at det er konkrete tiltak på gong. - Kommunestyret ber administrasjonen lage eit plandokument for innkjøp i samband med arbeidet med planstrategi for valperioden 2011 – 2015. 09.06.11: Levert kommunen i etterkant av møtet. 09.06.11 s. e-post med stadfesting om overlevering av dokumenta. 23.06.11. Vedtak kst. sak 054/11.i samsvar med tilrådinga frå KU. Sjå sak 031/12 og 47/12. |
| 031/12 Orientering arbeidet med plan for innkjøpsfunksjonen | 13.06.12 | | 13.06.12 Vedtak KU –Kontrollutvalet ber rdm om skriftleg status innan neste møte i kontrollutvalet om korleis ein ligg an med arbeidet med å lage eit plandokument for innkjøp. 27.06.12 Brev til Eid kommune. 04.09.12 Ikkje fått svar, bede om munnleg orientering i møte 11.09.12. Sjå sak 35/12 og 45/12. |
| 035/12 Orientering – Status i arbeidet med å lage plandokument for innkjøpsfunksjonen | 13.06.12 | | 11.09.12 Vedtak KU: - Kontrollutvalet tek orienteringa til rådmannen til vitande. - Kontrollutvalet kallar inn rådmannen til neste møte for å få orientering om status med arbeidet med plan for innkjøp. - Kontrollutvalet ber om at det under denne orienteringa vert gjeve eit |

| | | | |
|---|----------|--|--|
| | | | <p>tidspunkt for kva tid plan for innkjøp blir ferdigstilt.</p> <p>12.09.12 Brev s Eid kommune</p> <p>Sjå sak 45/12</p> |
| 036/12 Tinging fv prosjekt «Drift og vedlikehald av bygningar» | 11.09.12 | | <p>11.09.12 Vedtak KU –</p> <ul style="list-style-type: none"> - Tingsdokument for fv-prosjektet «Drift og vedlikehald av bygningar» vert godkjent. - Tingsdokument vert s KIN for operasjonalisering. <p>12.09.12 Tinging s. KIN</p> |
| 045/12 Oppfølging kommunestyrevedtak forvaltningsrevisjonsrapport innkjøpsfunksjonen. | 27.11.12 | | <p>27.11.12: Saka vert teken opp igjen på neste møte i kontrollutvalet.</p> |
| 048/12 Masseuttak eid kommune. | 27.11.12 | | <p>27.11.12: Vedtak KU:</p> <p>Kontrollutvalet ber om å få tilsendt rapport etter siste tilsyna direktoratet har gjort av masseuttaka i Eid kommune. Jfr opplysning i brev frå Eid kommune til kontrollutvalet av 30.10.2012.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kontrollutvalet etterlyser informasjon om masseuttaket ved Lidastranda, og ber om å få opplyst kva status kommunen har for dette uttaket. <p>29.11.12 Brev til Eid kommune</p> <p>03.01.13 Svarbrev frå Eid kommune.</p> |
| 003/13 Oppfølging kommunestyrevedtak forvaltningsrevisjonsrapport innkjøpsfunksjonen | 27.02.13 | | <p>27.02.13 Vedtak KU:</p> <p>Kontrollutvalet ber rdm orientere i saka i ku møte 17. april 2013. Kontrollutvalet vil etter dette sende melding om saka til kst til deira møte 2. mai 2013.</p> |
| 004/13 Masseuttak Eid kommune. | 27.02.13 | | <p>27.02.13 Vedtak KU:</p> <p>Kontrollutvalet tek orientering til vitande. Kontrollutvalet vil særleg peike på at all aktivitet må vere heimla i godkjende planar. Kontrollutvalet ber om tilbakemelding om korleis dette vert følgt opp innan 1. juni 2013.</p> <p>31.05.13 E-post sendt.</p> <p>13.06.13 E-post sendt.</p> |
| 007/13 Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet. | 27.02.13 | | <p>27.02.13: Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Eid kommune vert godkjent.</p> |
| 015/13 Orientering forvaltningsrevisjonsprosjekt – Inkjøpsfunksjonen. | 17.04.13 | | <p>17.04.13 Rådmannen orienterte:</p> <p>KS har minimumskrav til plandokument. Eid har tre punkt som det må takast tak i i høve til dette:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Innkjøpsreglement. Sikre at lover, reglar, avtalar og budsjett vert følgde mm. Har sett på korleis Oslo gjer det. Vil bruke noko av det som mal for å utarbeide plandokument for Eid kommune. Politisk sak. Møte om dette førstkomande fredag 19.04.2013. 2. Etiske retningsliner. Funne eit godt grunnlag for dette som det vil bli teke utgangspunkt i og laga ei sak som skal handsamast administrativt og politisk. Politisk sak 3. Leiaravtalar. Regulerer og definerer kva ansvar den enkelte har. Administrativ sak. <p>Eid kommune skal ha alt dette på plass innan juni 2013. Dette vil så liggje dokumentert i kvalitetslosen.</p> |

| | | | Kontrollutvalet sitt vedtak: Kontrollutvalet tek saka til orientering. |
|--|----------|--|--|
| 020/13 Godkjenning av innkalling og sakliste. | 10.06.13 | | 10.06.13 Vedtak KU – Godkjent. |
| 021/13 Skriv og meldingar | 10.06.13 | | 10.06.13 Vedtak KU – Teke til vitande. |
| 022/13 Forvaltningsrevisjonsrapport – Vedlikehald av bygningar. | 10.06.13 | | 10.06.13 Tilråding til kst. 13.06.13 s. kst. |
| 023/13 Orientering – Handtering av bu- og driveplikt opp mot konsesjonslova. | 10.06.13 | | 10.06.13 Vedtak KU – Teke til vitande. |
| 024/13 Orientering – Masseuttak Eid. | 10.06.13 | | 10.06.13 Vedtak KU – Utsett til neste møte. 13.06.13 E-post til Eid kommune. |
| 025/13 Orientering politiske styre Eid kommune. | 10.06.13 | | 10.06.13 Vedtak KU – Teke til vitande. |
| 026/13 Opfølgingsliste 3-2013 Eid. | 10.06.13 | | 10.06.13 Vedtak KU – Teke til vitande. |
| 027/13 Eventuelt. | 10.06.13 | | 10.06.13 Vedtak KU – Det vart ikkje teke opp saker. |
| 028/13 Rekneskap prosjekt 4711 Golvsengane bustadfelt. | 10.06.13 | | 10.06.13 Tilråding til kst 13.06.13 s Eid kommune |
| 029/13 Rekneskap prosjekt 4506 Grovavfallsplass Haugen | 10.06.13 | | 10.06.13 Tilråding til kst 13.06.13 s Eid kommune |
| 030/13 Rekneskap prosjekt 4481 Hovudplan bygg 2012. | 10.06.13 | | 10.06.13 Tilråding til kst 13.06.13 s Eid kommune |
| 031/13 Rekneskap prosjekt 4351 Maskinar driftsavdelinga 2012. | 10.06.13 | | 10.06.13 Tilråding til kst 13.06.13 s Eid kommune |
| 032/13 Rekneskap prosjekt 4325 Maksin-/bilkjøp teknisk, rekneskap pr 18.03.2013. | 10.06.13 | | 10.06.13 Tilråding til kst 13.06.13 s Eid kommune |
| | | | |
| | | | |
| | | | |

Oppdatert 04.07.2013.

040/13 EVENTUELT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 02.09.2013

| Utval | Dato | Utv.- Saknr. | Status | Vedtaks- organ |
|-----------------|-------------|-------------------------|---------------|---------------------------|
| Kontrollutvalet | 10.09.2013 | 040/13 | - | Ja |
| Formannskap | - | - | - | Nei |
| Kommunestyre | - | - | - | Nei |

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.